

**Kan verta aktuelt å riva muren**

08.02.2014

**Det kan verta aktuelt å riva muren i Ospelunden og byggja han oppatt. Det gjer Statens Vegvesen no klårt i ei uttale. og det kan skje hvis muren ikkje har tilstrekkeleg stabilitet i høve arbeidet med fundamentfot. lengde av blokkene for ein så høg mur, plassering, tilstrekkeleg drenering og innspenning i bakfyll og fiberduk-**

Vegveset peikar på at muren ligg nærare fylkesvegen enn den byggj grensa som er vist i reguleringsplanen. Den ligg 7 meter nærare vegen enn denne grensa. Muren er over 8 meter høg og det er ikkje tvil om at den er søknadspliktig.

Vegvesenet har ikkje motteke dispensasjonssøknad og stillar seg skeptisk til stabiliteten. Dei har ikkje noko imot at det vert gjeve dispensasjon hvis det vert gjennomført uavhengig kontroll av prosjektering og arbeid og at dette skjer av eit kvalifisert firma.

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen